



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
069/26	Formannskapet	27.08.2026
	Kommunestyret	

Sakshandsamar: Trine Grøttebø	Arkiv:	Arkivsaksnr.: 26/1008 - 1
--------------------------------------	---------------	-------------------------------------

Infraplast AS - søknad til nærings- og konsesjonsavgiftsfondet

Kort samandrag:

Infraplast AS søker om kr 4 000 000 i tilskot frå næringsfondet til ei omfattande modernisering og kapasitetsutviding av produksjonsanlegget i Lærdal. Prosjektet omfattar investeringar i nye produksjonslinjer, etablering av internt resirkuleringsanlegg, automatisert råvarehandtering og rekruttering og opplæring av personell. Samla prosjektkostnad er berekna til kr 22,2 mill.

Målet med prosjektet er å leggja grunnlag for overgang frå 3 til 5 skift, styrkja konkurransekrafta og etablera om lag 15–20 nye arbeidsplassar ved fabrikk i Lærdal. Prosjektet vil også bidra til redusert materialforbruk, auka bruk av resirkulert råvare, lågare transportbehov og redusert klimafotavtrykk.

Kommunedirektøren si tilråding:

Lærdal kommune yter eit tilskot på kr 2 000 000 til Infraplast AS til modernisering og kapasitetsutviding av produksjonsanlegget i Lærdal. Tilskotet skal dekkast med midlar frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet. Tilskotet utgjer ca 9% av totalkostnaden. Tilskotet føreset av vedlagte finansieringsplan vert realisert.

27.08.2026 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 069/26 Vedtak

Lærdal kommune yter eit tilskot på kr 2 000 000 til Infraplast AS til modernisering og kapasitetsutviding av produksjonsanlegget i Lærdal. Tilskotet skal dekkast med midlar frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet. Tilskotet utgjer ca 9% av totalkostnaden. Tilskotet føreset av vedlagte finansieringsplan vert realisert.

Vedlegg:

Innovasjon_Norge_kostnadsoversikt V1
Søknad Lærdal Kommune

Saksutgreiing

Infraplast AS er ei etablert industriverksemd med produksjonsanlegg i Lærdal. Verksemda produserer røyrssystem til mellom anna kabelbeskyttelse, vatn og avløp samt overvass- og dreneringsløyningar. Fabrikken har i dag om lag 26 tilsette og driv produksjon på tre skift.

Søknaden gjeld eit samla utviklings- og investeringsprosjekt som skal styrkja fabrikken si konkurransekraft og leggja til rette for vidare vekst. Prosjektet omfattar fire hovuddelar:

- Oppgradering og utviding av produksjonskapasitet for PP-røyr.
- Etablering av ny produksjonslinje for dobbeltvegga PE-røyr.
- Etablering av integrert resirkuleringsanlegg for eigen vrakproduksjon.
- Innføring av lukka råvarehandtering.

I tillegg omfattar prosjektet rekruttering og opplæring av tilsette i samband med overgang frå tre til fem skift.

Verksemda opplyser at investeringane skal bidra til høgare kapasitet, lågare produksjonskostnader, redusert energibruk per produsert eining og større bruk av resirkulerte råvarer. Prosjektet vil også redusere behovet for transport av vrakmateriale mellom Lærdal og Follese.

Ein sentral del av prosjektet er auka sysselsetting ved fabrikken i Lærdal. Infraplast estimerer at utvidinga vil kunne gje om lag 15–20 nye arbeidsplassar gjennom etablering av to nye skiftordningar og behov for ytterlegare ressursar innan logistikk, laboratorium, vedlikehald og administrasjon. Prosjektet er direkte knytt til produksjonsanlegget i Lærdal.

Samla prosjektkostnad er oppgitt til kr 22 202 080, inkludert eigeninnsats. Finansieringa er planlagt slik:

- Tilskot frå Lærdal kommune sitt næringsfond: kr 4 000 000
- Søknad til Innovasjon Norge: kr 5 965 580
- Eigeninnsats: kr 1 263 500
- Bankfinansiering og egne midlar: resterande del av prosjektet.

Økonomiske konsekvensar

Lærdal kommune yter eit tilskot på kr 2 000 000 til Infraplast AS til modernisering og kapasitetsutviding av produksjonsanlegget i Lærdal. Tilskotet føreset at vedlagte finansieringsplan blir realisert.

Tilskotet vert utbetalt med 25% ved prosjektoppstart og 50% ved når søkar kan dokumentere halvparten av kostnadane i prosjektet. Resterande 25% vert utbetalt ved avslutta prosjekt og godkjent prosjektrekneskap.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at prosjektet til Infraplast AS i stor grad er i samsvar med formålet og prioriteringane i vedtektene for næringsfondet.

Eit av dei viktigaste momenta i saka er den forventa sysselsettingseffekten. Infraplast AS har i dag om lag 26 tilsette ved fabrikk i Lærdal. Prosjektet legg til rette for overgang frå tre til fem skift og kan gi grunnlag for om lag 15–20 nye heilårsarbeidsplassar. Dette vil innebera ei betydeleg styrking av ei etablert industriverksemd og bidra til auka verdiskaping, busetjing og aktivitet i kommunen. Kommunedirektøren vurderer dette som svært positivt og i tråd med næringsfondet sitt mål om å leggja til rette for fleire heilårsarbeidsplassar.

Prosjektet er også godt forankra i målsettinga om grøn omstilling og berekraftig næringsutvikling. Gjennom etablering av intern resirkulering, auka bruk av resirkulerte råvarer og meir effektiv produksjon vert ressursutnyttinga betra. Prosjektet vil redusere transportbehovet knytt til handtering av vrakmateriale mellom Lærdal og Follese, samstundes som materialsvinn og energiforbruk per produsert eining vert redusert. Tiltaka vil dermed bidra til lågare klimafotavtrykk og meir sirkulær ressursbruk.

Kommunedirektøren legg vidare vekt på at prosjektet byggjer på Lærdal sine etablerte konkurranseføremoner innan industriell produksjon og teknologisk kompetanse. Infraplast AS er ei verksemd med lang historie, etablert marknad, dokumentert lønsemd og solide kundeforhold. Prosjektet omfattar også kompetansheving og opplæring som følgje av ny teknologi, nye produksjonsprosessar og utvida drift. Dette vil styrkja den lokale kompetansen og bidra til å sikre framtidig industriell aktivitet i kommunen.

Kommunedirektøren vurderer samla sett at prosjektet vil ha betydelege positive ringverknader for Lærdal kommune gjennom nye arbeidsplassar, auka lokal verdiskaping, grøn omstilling og styrking av ein viktig industriverksemd. Søkjar har dokumentert både gjennomføringsevne og marknadspotensial, og prosjektet framstår som eit framtidsretta investeringstiltak med stor lokal verdi.

Samstundes er det omsøkte tilskotet på kr 4 000 000 vesentleg høgare enn det kommunen tradisjonelt har løyvt til enkeltprosjekt gjennom næringsfondet. Kommunedirektøren meiner det er viktig å forvalte fondsmidlane på ein måte som også gjev rom for framtidige satsingar og andre næringsutviklingsprosjekt i kommunen.

Sjølv om prosjektet har ein samla kostnadsramme på over kr 22 mill. og søker har dokumentert betydeleg eigeninnsats og annan finansiering, vurderer kommunedirektøren at eit kommunalt tilskot på kr 4 000 000 vil utgjere ein uforholdsmessig stor del av dei disponible fondsmidlane.

Kommunedirektøren vurderer difor at det bør gjevast støtte til prosjektet, men på eit lågare nivå enn omsøkt. Eit tilskot på kr 2 000 000 vil vere eit vesentleg bidrag til realisering av prosjektet, samstundes som det tek omsyn til fondsramma og prinsippet om ei balansert fordeling av næringsfondet sine midlar.